

 Kvinnherad kommune

21 MAI 2025

Saksnr.: 24/1779 U.off.:

Saksbeh.: Grethe Sandvik Kopi:



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor Teknikk og Miljø

2024/1779-6  
13.05.2025

## Grunnavtale - Ny avløpsledning - 81/147, 81/148 - Neslia - Rosendal

I samband med tilrettelegging av eigedommen 81/188 m.fl er det planlagt at Kroka eigedom AS, orgnr 988 197 629, heretter kalla tiltakshavar, kan etablere ny avløpsledning frå eksisterande kum på eigedommen 81/166, over eigedom 81/148 og 81/147 og fram til 81/188.

Med bakgrunn i dette så er det gjort følgjande grunnavtale.

1. Kvinnherad kommune, som eigar av 81/147 og 81/148, heretter kalla eigar, gjev med dette tiltakshavar rett til å leggje avløpsledning over eigedommen, samt nedsetting av nødvendige kummar, slik vedhefta kart viser.
2. Kummane må ikkje komma høgare enn terrenget, og terrenget må jamnast til kring disse, slik at dei ikkje er til hinder for eigar av eigedommen. Dette gjeld særleg der kummane vert lagt i eksisterande veg eller gangveg. Eigaren skal disponera terrenget som før, men skal ikkje utan etter avtale med tiltakshavar grave nærmare leidningen enn 1,5 meter eller byggja nærmare leidningen enn 4,0 meter. Eigarane må ikkje gjera større endringar på terrengnivå, eller planta tre over leidningane utan avtale med tiltakshavar.
3. Tiltakshavar har rett og plikt til drift og framtidig vedlikehaldsarbeid av leidningen, og skal ved etablering av leidning og ved seinare vedlikehaldsarbeid setja terrenget, veg og gangveg i minst same stand som før. Alle kostnader i samband med etablering av tiltak og istandsetjing/vedlikehald skal berast av tiltakshavar.
4. Kvinnherad kommune som eigar av 81/147 og 81/148 gjer merksam på at det er fleire privatrettslege avtalar i dette området, bl.a. BKK sin rett til eksisterande leidningar for straum. Vegrett for eigedommen 81/162 Røyholm Båthamn der festar er Rosendal båtlag. Vegrett for eigedom 81/200 industritomt Nesvegen 241, eigar Sverre Jacobsen, samt veg til kommunalt friområde og mykje brukt badestrand i Røyholm. Det er viktig at arbeidet med graving av grøft og etablering av avløpsledning, samt seinare vedlikehald av leidningstrasse i størst mogleg grad vert gjort utan unødig stenging av veg samt at tiltaket vert varsla til brukarane så godt som råd.
5. Tiltakshavar/kommunen kan for eigen rekning tinglysa denne avtale som hefte på eigedomen.

Stad .....Dato.....

Stad: ROSENDAL Dato: 20.05.2025

.....

Oddbjørn Korte

Kvinnherad kommune, orgnr 964967636

Kroka Eigedom, orgnr 988 197 629



**BESTEMMELSER**

Innanfor område A beheld ein eksisterande VA-anlegg då det i dette område for det meste er eksisterande bygg. Bygg i dette området er knytt til eksisterande utselepp

Innanfor område B vert det etablert nytt VA-anlegg då det i dette område for er nye bygg. I område B vert det etablert ny pumpestasjon som pumpar spillvatn over til eksisterande kommunalt leidningsnett i Nedre Neslia slik at spillvatn her vert ført til kommunal slamavskiljar i Kolavika. Det vert etablert avstikk mot område A slik at silvatn her, i framtida kan overførast til pumpestasjon i område B.

Overvatn vert ført til sjø

**Tegnforklaring**

	Prosjektert	Eksisterende	Utgår
Overvann			
Spillvann			
Vann			
Kommunale anlegg			
Kum (VK, SK, OK)			
Sandfangskum (SF)			
Anlegg for drøyning (OF)			
Anlegg infiltrasjon (INF)			
Redskapsbod for verkøyt/utstyr			

<b>Kroka Eigedom AS</b>	Format	<b>A3</b>
Neslia, gnr/bnr 81/181, 188, 197 m.fl.	Målestokk	1:1000
	Dato	27.02.23
	Tegnet av	IN
<b>Eksisterende og nytt VA-anlegg</b>	Fagkontroll	ABJ
<b>Oversiktstegning del 2</b>	Godkjent av	
Tegningsstatus: <b>VA-Rammeplan</b>	TEGN NR	<b>H2</b>
	REV NR	
PROSJEKTADMINISTRASJON-REGULERING-KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING 5640 EIKLANDSOSEN TLF 56361130 E-post: post@byggadm.no		